



Saksframlegg

Utval	Møtedato	Utvalsak
Formannskapet		
Kommunestyret		

Oppgradering av vasskraftproduksjon i Tinn kommune

Vedlegg

- 1 Mandat for arbeidsgruppe - Rjukanstrengen

Dokument i saka

Bakgrunn

Hydro varsla 19. mai i år i ei [pressemelding](#) at dei startar konsekvensutgreiing for oppgradering av kraftproduksjonen på Rjukan, og vil vurdere å søke konsesjon for nytt vasskraftverk. Ei oppgradering har til hensikt å modernisere kraftproduksjonen og bidra med meir fleksibilitet og pumpekraft til kraftsystemet. Heilt konkret er det tale om eit kraftverk ved Tinnsjøen med inntak frå Møsvatn – dermed bygging av tunnel i fjell mellom vatna.

Det er opplyst at ei utbygging vil gje opp til 750 MW auka effekt ved maksimal produksjon og pumping. Brutto årsproduksjon i Rjukanstrengen^[1] forventast å kunne auke med opptil 50 prosent, mens nettoproduksjon vil vere tilnærma uendra omsyntatt pumping og redusert vasstap. Dette vil optimalisere dagens årsproduksjon på om lag 3 TWh kraft frå Hydro sine kraftverk på Rjukan.

Det høyrer med at Tinn kommune har arbeidd med eit kravdokument om revisjon av vilkåra kring Mår- og Gøystvassdraget, som hentar vatnet frå Kalhovdfjorden.

Tiltaket som berører Vinje kommune vil vere eit **opprustings- og utvidingsprosjekt** innanfor den gjeldande [Møsvatnkonsesjon](#) frå 2015.

Opprusting og utviding (O/U) av vasskraftverk omfattar tiltak som gjer vasskraftanlegg meir effektive (opprusting) eller som utvidar kapasiteten på produksjonen (utviding).

^[1] Rjukanstrengen er eit populært navn på løpet til elva Måna gjennom Vestfjorddalen. I Rjukanstrengen ligg 5 kraftverk på rekke og rad som alle har Møsvatn som magasin.

Tiltak som er utanfor rammene gitt i konsesjonen krev ein ny konsesjonsbehandling. Opprusting er tiltak for å effektivisere kraftverket og redusere energitapet i vassvegen, utan å utnytte meir vatn eller eit nytt fall. Utvidingar er tiltak som utnyttar meir vatn eller utnyttar fallhøgda betre. Dette kan anten gjerast ved å overføre nye nedbørsfelt til eksisterande magasin, auke fallhøgde eller ved å redusere flaumtap.

Opprusting kan vere:

- Å redusere falltapa
- Å modernisere og automatisere kraftverka for å auke verkningsgraden, redusere driftsutgiftene og forbetre driftssikkerheita

Utviding kan vere:

- Å overføre vatn frå hittil ikkje utnyttta felt, eller føre vatn frå eitt felt til eit anna som kan nytte det betre, herunder pumping
- Å auke eksisterande magasin eller etablere nye
- Å utnytte fallhøgda betre, anten ved å bygge heilt nye kraftverk eller ved å heve overvatnet eller senke undervatnet
- Å auke slukeevna for å få meir disponibel effekt og redusere flaumtap

Gjennomføre eit O/U-prosjekt:

Det er viktig å skilje mellom kva som kan gjerast innanfor ramma av konsesjonen eit kraftverk allereie har, og kva som krev ny konsesjonsbehandling. Dersom konsesjonæren er usikker på om eit O/U-prosjekt er konsesjonspliktig, kan dei be NVE gjere ei vurdering av konsesjonsplikt: [Konsesjonspliktavurdering av vasskrafttiltak](#).

Dersom O/U-prosjektet er konsesjonspliktig, må det søkast om konsesjon. Alle konsesjonspliktige vasskraftanlegg og utvidingar av desse må gjennomføre konsekvensutgreiningar.

Søknaden skal utarbeidast i tråd med NVE sin [digitale rettleiar for utforming av meldingar og søknader om vassdragskonsesjon](#).

Det er ikkje krav til melding for O/U-prosjekt.

Saksgang for opprusting og utviding:

[Saksgang B: Tiltak etter vassdragsreguleringsloven uten krav til melding - NVE](#)

Oversikt over saksgangen

Trinn 1: Søknad med konsekvensutgreining

Trinn 2: Høyring av søknad

Trinn 3: Synfaring

Trinn 4: NVE sin tilråding

Trinn 5: Vedtak av Kongen i statsråd

Trinn 6: Detaljplan

Vurdering

Hydro opplyste i pressemeldinga at dei i løpet av andre kvartal 2025 gjekk i gang med feltstudiar og gjennomføre konsekvensutgreiing med sikte på å søke om konsesjon til myndigheitene i starten av 2026. Dette inneber at det er knapt med tid for å spele inn tema som må konsekvensutgreiast. Av særleg interesse for Møsstrond og Vinje kommune er tema som ferdsel vinters- og sommarstid, konsekvensar for økosystem/fiskeforvaltning, naturmangfald, erosjonsproblematikk, økonomitema m.m. Lista er ikkje uttømande.

Det er kontakt på administrativt nivå mellom Tinn og Vinje med sikte på samordning av arbeidet så langt dei to kommunane har felles interesser. Tinn kommune har oppretta ei intern faggruppe for arbeidet med konsesjonsprosessane. Kommunedirektøren ser at det vil vere tenleg at Vinje gjer likeins. Utkast til mandat for ei arbeidsgruppe ligg vedlagd.

Samansetjing av arbeidsgruppa:

Gry Åsne Aksvik, kommunalsjef for Økonomi og samfunn

Turid Opsund, rådgjevar plan

Kjell Christenson, rådgjevar næring

Per Wraa, landbruksrådgjevar

Tone Aanderaa Kiste, Kraftkompetanse KO

Kjetil M. Vaagen, konst. kommunalsjef for Teknisk drift og infrastruktur

Jan Myrekrok, kommunedirektør

Representantar for Tinn og Vinje skal møte Suldal kommune 22. september for erfaringsutveksling. Denne kommunen har tilsvarande problematikk knytt til oppgradering av Røldal-Suldalkonsesjonen.

*Øst-Telemarkens Brukseierforening*¹ har kome med tilbod om å gje meir informasjon om deira planar, og det vil det vere behov for i nær framtid, både for dei som blir direkte råka, for kommuneforvaltinga og truleg politisk nivå.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vinje kommune set i gang arbeidet med å ivareta lokalsamfunnet Møsstrond og kommunens interesser i samband med Hydro sine planar om oppgradering av kraftproduksjonen på Rjukan.

¹ Øst-Telemarkens Brukseierforening (ØTB) er ein foreining av kraftverkseigarar i austre del av Skiensvassdraget og har ansvar for kraftreguleringane i denne del av vassdraget, herunder blant anna Møsvatn, Mårvatn, Kalhovdfjorden og Tinnsjøen. Brukseierforeningens eigarar er Norsk Hydro ASA, Statkraft Energi AS, Skagerak Kraft AS, Tinfos AS og Skien Kraftproduksjon AS (Akershus Energi Vannkraft AS).